



Handlingsplan 2015 – 2017 for psykososialt kriseteam i Averøy

Planen inngår som en del av kommunens helhetlige beredskapsplan

Det psykososiale krisetemaet er ein tverrfagleg ressurs i tillegg til den bistand som vert gjeve gjennom det ordinære tenesteapparatet. Målsetjing for kommunalt kriseteamarbeid er å gjeve innbyggjarane i Averøy kommune eit tilbod om psykososial støtte ved påkjenningar som er så store at dei overgår personen sine muligheter og ressursar til å meistre situasjonen, samt å førebyggje framtidige helseproblem (td posttraumatisk stresslidning, depresjon eller psykose).

Innleiing

Helse- og omsorgstenestelova stiller krav til kommunen at dei skal gjeve personar som oppheld seg der, nødvendige og forsvarlege helse og omsorgstenester. Kommunen sitt ansvar omfatter psykososial oppfølging ved enkelthendingar av begrensa omfang, og ved omfattande kriser og katastrofer.

Kriser, ulykker og katastrofer stiller store krav til krisehandtering i augeblikket og til den psykososiale oppfølginga av dei ramma i etterkant av hendinga. Dette arbeidet krev god kunnskap om psykososial oppfølging og det krev at kommunen har gode rutiner som kan skape forutsigbarhet i arbeidet.

Begrepsavklaring

Kriser

Kriser eller krisesituasjonar vert forstått som dramatiske og potensielt traumatiserande hendingar som kan svekke viktige funksjonar hjå enkeltpersonar, familiar eller lokalsamfunn.

Ulykker

Ulykker vert definert som uventa og potensielt traumatiserande hendingar som kan ramme menneske sitt liv og helse.

Katastrofer

Katastrofe handler om uventa og potensielt traumatiserande hendingar av større omfang der mange personar vert ramma samstundes, og der antal ramma personar med hjelpebehov i ein periode overgår dei tilgjengelege ressursane som finst i nærområdet av katastrofen.

Psykososiale tiltak

Psykososiale tiltak omhandler tiltak og oppfølging som helse- og omsorgstenesta og andre samarbeidspartar set i verk etter potensielt traumatiserande hendingar for å hjelpe enkeltpersonar eller grupper. Tiltaka har som målsetjing å normalisere livssituasjonen, mobilisere nettverk og førebyggje psykiske, somatiske, rusrelaterte eller sosiale vanskar.

Lovgrunnlag og sentrale føringar

Det er ikkje formelt lovgrunnlag som seier at det skal opprettast kommunale psykososiale kriseteam, men at det *bør* – då dette er sett på som ein anbefalt måte å arbeide på. Desse lovene er relevante i denne samanheng:

Lov om helse- og omsorgstjenester i kommunen

Lov om helsemessig og sosial beredskap

Lov om sosiale tjenester

Lov om barnevernstjenester

Lov om helsepersonell

Nasjonale veiledarar:

Det er i dei seinare åra utarbeidd to nasjonale veiledarar som begge er rådgjevande for korleis handtere ulykker, kriser og katastrofer:

”Veileder for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer” (2011 og er under revisjon, ferdigstilt våren 2015)

”Etter selvmordet – veileder om ivaretagelse av etterlatte etter selvmord” (2011)

Tre sentrale prinsipp i beredskapsarbeidet:

Ansvar: Den som har ansvaret i normalsituasjonen, har også ansvaret ved ekstraordinære hendingar

Likhet: Organiseringar under kriser skal vere mest mogeleg lik den som er til dagleg

Nærhet: Krisa skal handterast på lågast mogeleg nivå

I beredskapssamanheng definerer ein tre situasjonar:

Ordinær situasjon: Behovet for innsats vert dekkja på nødvendig fagleg nivå av dei ressursar i området som umiddelbart kan aktiverast

Ekstraordinær situasjon: Behovet er større enn kapasiteten på dei ressursar som umiddelbart kan aktiverast, men let seg dekke innan nødvendig tid med forsterkingar

Katastrofe: Behovet for innsats overgår dei ressursane som er tilgjengelege innan nødvendig tid

Målsetjing for arbeidet i psykososialt kriseteam

Det psykososiale krisetemaet er ein tverrfagleg ressurs i tillegg til den bistand som vert gjeve gjennom det ordinære tenesteapparatet.

Målsetjing for kommunalt kriseteamarbeid er å gjeve innbyggjarane i Averøy kommune eit tilbod om psykososial støtte ved påkjenningar som er så store at dei overgår personen sine muligheter og ressursar til å meistre situasjonen, samt å førebyggje framtidige helseproblem (td posttraumatisk stresslidning, depresjon eller psykose).

Forankring

Erfaring og faglege tilrådingar tilseier at kriseteamet har best mulighet for å lykkast når det er forankra ein plass. Det psykososiale støtteapparatet i Averøy kommune vil bli koordinert frå Psykisk helse, Hjemmetjenesten i Averøy kommune.

Ansvarskjeden ved kriser

Kriseteamet skal ikkje erstatte den støtte og hjelp familie, vener og nærmiljøet kan gjeve. Det må heller ikkje take frå individet, familie, vener og nærmiljø det ansvaret dei har for seg sjølv, sine næraste og sitt miljø.

Ansvarskjeden ved kriser vil såleis vere:

- Sjølvhjelp
- Hjelp frå familie og vener
- Hjelp frå nærmiljø og lokalsamfunn
- Hjelp frå primær helse- og sosialteneste
- Hjelp frå psykiatrisk spesialisthelseteneste
- Hjelp frå nasjonale ressursmiljø etter vurdering av krisa / katastrofen sitt omfang

Kriseteamet sin funksjon

Ulykker / dødsfall innanfor kommunal verksemd

Når ulykker / dødsfall skjer innanfor kommunal verksemd i Averøy kommune, forutset ein at verksemda sjølv har plan for korleis dette skal handterast. Kriseteamet kan bistå ved behov.

Ulykker / dødsfall utanfor kommunal verksemd

Kriseteamet skal varslast etter vedtatt varslingsplan. Kriseteamet kan aktiverast gjennom kriseleiinga i kommunen, politiet eller AMK.

Hendingar som skal involvere kriseteamet:

- Brå og uventa ulykker i og utanfor heimen
- Transportulykker
- Sjølv mord i og utanfor heimen
- Brann / storbrann
- Vold / truslar / drap
- Gisselsituasjonar / ran
- Sakna-situasjonar
- Personar eksponert for sterke sanseintrykk
- Uventa barnedød

Viktige oppgåver i psykisk emosjonell fyrstehjelp fyrste timar og dagar etter hending

- Psykologisk og fysisk omsorg for å skape trygghet og dempe uro
 - a) Beroligande prat, fysisk kontakt, behandling av småskader
 - b) Sikre fysisk sikkerhet / trygghet i ivaretakinge og rolege omgivelser
 - c) Sikre forpleining (mat, drikke, klede)
- Kontakt og gjenforening med næraste pårørende, evt vener eller anna sosialt nettverk
- Sikre gode system for loggføring
 - a) Take mot / registrere informasjon om overlevande, skada eller brakt til sjukehus og kven som er døde
 - b) Registrere kva hjelpearar som tek seg av grupper, enkeltpersonar og familiar
 - c) Skaffe oversikt over tilgjengelege kontaktpersonar, informasjonsmøte
- Leggje til rette for separate samlingsrom for overlevande og deira pårørende og etterlatte
- Psykoedukasjon for å dempe bekymring og sjølvbebreidelsar med tanke på eigne umiddelbare reaksjonar (gjerne skriftleg materiale)
- Etablere kontakt og samarbeid med politi / redningspersonell / sjukehus og kriseteam på den ramma sin heimstad
- Take hand om menneske med spesielle behov for omsorg og støtte
- Informasjon til dei ramma om kva som vil skje vidare
- Henvisning vidare for dei som treng umiddelbar fagleg hjelp på anna nivå
- Vurdere om det er behov for felles markering

Oppsummering av oppgåver i tidleg psykososial intervensjon

- Fremme opplevd trygghet for den enkelte
- Skape ro i situasjonen
- Fremme oppleving av å kunne ha innflytelse på og meistring av det som skjer
- Fremme oppleving av samhørighet gjennom kontakt med familie og vener
- Gjeve håp for at livet kan bli godt også i framtida

Kor lenge skal kriseteamet vere involvert?

Lengde på oppfølging etter kriser og katastrofer er gjerne opp til eit år, nokre gonger lenger. Medlemer i kriseteamet må vurdere om det er aktuelt og når det er aktuelt med overføring til hjelp innan psykisk helse eller psykiatrisk spesialisthelseteneste. Ein skal ikkje trekkje seg ut før andre har overtatt – dette for å sikre at tiltakskjeden er heil og utan brot. Ein bør imidlertid i den tidlege fasen vere avventande med direkte aktive psykoterapeutiske intervensjonar.

Kriseteamet sine øvrige oppgåver:

- Evaluering ved gjennomgang av situasjonen, beskrivelse av forbetningspunkt og gjennomføring av desse
- Bidra til auka kompetanse på temaet ”Menneske i krise og psykososial fyrstehjelp”
- Gjennomføre realistiske øvingar jevnleg

Dokumentasjon

Alle som yter helsehjelp, skal registrere relevante og nødvendige opplysningar om personen som vert gjeven (kravet om forsvarlegheit).

Relevante og nødvendige opplysningar vil vere opplysningar som har relevans for seinare behandling og oppfølging.

Journalføring av ulykkestilfelle skal innehalde skadetidspunkt, vurdering av alvorleghetsgrad av den traumatiske hendinga, akutte reaksjonar og psykisk status ved undersøkinga, samt råd og informasjon som er gjeve.

Dersom pårørande sjølv mottek helsehjelp som fylgje av påkjenningar med ulykke, krise eller katastrofe, skal det førast eigen journal for pårørande som pasient. Taushetsbelagt informasjon om pasienten sine pårørande, skal ikkje førast i pasienten sin journal.

Teieplikt

Oppgåver knytta til arbeid i psykososiale kriseteam, er å sjå på som helsetenester. Ein vil difor ha teieplikt etter helsepersonellova. Ein vil også kune ha teieplikt etter Forvaltningslova.

Det skal innhentast informert samtykke før ein kan diskutere hendinga i større forum.

Med mindre pasienten motset seg det, kan taushetsbelagte opplysningar gjevast til samarbeidande personell når dette er nødvendig for å gjeve forsvarleg helsehjelp.

Informasjon

Medlemer i kriseteamet skal ikkje gjeve informasjon til media.

Kommunikasjonsansvarleg i kommunen står for den direkte mediakontakten.

Møteverksemd

Psykososialt kriseteam skal ha eit møte i kvartalet.

Ordførar og rådmann vert innkalla til eit møte i året.

Ved behov kan gruppa supplerast med andre ressurspersonar.

Særskilte utfordringar

Arbeidet i psykososiale kriseteam stiller særlege krav til både fagleg og personleg kompetanse. Averøy kommune har ei utfordring både i å utvikle og vedlikehalde denne kompetansen gjennom mulighet for utdanning / vidareutdanning innan traumefeltet.

Viktige lokale ressursar:

Fastlege, Averøy legesenter tlf 71513650

Helse Møre og Romsdal, Nordlandet DPS (poliklinikk) tlf 71120000

Helse Møre og Romsdal, Ambulant akutt-team, tlf 71120000

Helse Møre og Romsdal, Akuttavdeling Hjelset, tlf 71120000

Helse Møre og Romsdal, Akutt-team, Barne- og Ungdomspsykiatrisk poliklinikk, tlf 71120000

Den norske kirke, Averøy kommune

Regionale ressursar

Ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS-Midt), Trondheim, tlf 72822005

Nasjonale ressursar

Senter for krisepsykologi, Bergen, tlf 55596180

Revidering av planen skal skje kvart fjerde år.

Vedlegg:

Oversikt over Averøy kommune sine medlemmer i psykososialt kriseteam

Melding til kriseteamet i Averøy kommune

Vedlegg 1:

**OVERSIKT OVER MEDLEMER / VARSLINGSLISTE I AVERØY
KOMMUNE SITT PSYKOSOSIALE KRISETEAM, pr. 1. februar 2015**

NAVN	TELEFON
Inger Morsund leiar	911 44 119 / 715 13687
Else A. Meek, nestleiar	916 35 572 / 715 13698
Per Arild Strand, kommunelege	
Sølve Grimstad, kommunelege	
Elisabeth Nedal, spesialpedagog	
Monica L. Folkedal Kornstad, lærer	

Vedlegg 2:

**MELDING TIL AVERØY KOMMUNE SITT PSYKOSOSIALE
KRISETEAM**

Kriseramma sitt navn:

Født:

Adresse:

Telefon:

Hending (set kryss)

Ulykke med alvorleg skade eller død

Vold med alvorleg lekamskade eller død

Sjølvmord

Anna

Nærare beskrivelse:

Melding er gjeve til:

Melding frå:

Dato:

Tidspunkt:

--	--	--